

Vedlegg 6



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdsleavdelinga

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Unn Jenny Utne Kvam / 55516243	Vår referanse: 15/227461-1	Dykkar referanse:	Vår dato: 05.11.2015
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

Bakgrunn for vurdering av søknader om leige av fortausareal i Bergen sentrum til uteservering på fortau

Vi viser til møte i fylkesvegrådet 29.09.2015 der det vart avtala at Statens vegvesen skulle sende over informasjon om kva dokument som ligg til grunn når vi uttaler oss i saker der det vert søkt om uteservering på fortau som høyrer til riks- eller fylkesveg i Bergen sentrum.

Vedlagt følgjer Bergen kommunes «Retningslinjer for uteservering på offentlig grunn i Bergen sentrum» og Statens vegvesens notat «Prinsipp for vurdering av søknader om leige av fortausareal i Bergen sentrum til uteservering sesongen 2014» (med tilhøyrande kart).

Notatet som vart utarbeid for sesongen 2014 har også leie til grunn for sakshandsaminga vår etter 2014.

Overordna føringar

Notatet frå 2014 vart utarbeida for intern bruk, og det vart derfor lagt til grunn at dei som skulle bruke det kjende til kva overordna føringar som låg til grunn for det. Vi ser no at det kan vere behov for å tydeleggjere desse føringane. Nedanfor følgjer derfor ei kort oppsummering av nokre av dei viktige overordna føringane som per i dag ligg til grunn for sakshandsaminga vår. Føringane er knytta til måla om universell utforming av transportsystemet og tilrettelegging for meir gang-, sykkel- og kollektivtrafikk i Bergen:

Bergen 2030, kommuneplanens samfunnsdel, Bergen kommune 2015:

Gåbyen er framheva som eit hovudmål i planen. Det er eit politisk satsingsområde at Bergen skal ha et effektivt og attraktivt gangnett. Universell utforming skal ligge til grunn for utformingen av gangnettet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Regional transportplan Hordaland 2013–2024, Hordaland fylkeskommune:

- *Transporttilbudet skal bidra til å oppnå viktige klima- og miljøpolitiske mål*
- *Transporttilbudet skal bidra til å sikre tilgjenge for alle (universell utforming)*

Nasjonal transportplan 2014–23, Meld. St. 26 (2012–2013),

Samferdsledepartementet:

- *Veksten i persontransport i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange.*
- *Universell utforming av transportsystemet: Transportsystemet skal i så stor grad som mulig kunne benyttes av alle, i alle aldre og med ulike forutsetninger.*

Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven:

§ 1. Formål

Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innebærer:

- a) likeverd,*
- b) like muligheter og rettigheter,*
- c) tilgjengelighet og*
- d) tilrettelegging.*

Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapte funksjonshemmende barrierer og hindre at nye skapes.

Statens vegvesens handbok N100 Veg- og gateutforming:

Tabell F.1: Dimensjonerende mål for myke trafikanter

Kategori	Dimensjoner [m]
Syklende	
Bredde	0,75
Lengde	1,8
Høyde	1,9
Syklende med tilhenger	
Bredde	1,0
Lengde	4,0
Stående/gående	
Bredde	0,7
Lengde	0,4
Høyde	1,9
Gående med barnevogn	
Bredde	0,7
Lengde	1,7
Gående med ledsager eller førerhund	
Bredde	1,2
Rullestol	
Bredde	0,9
Lengde	1,5

Styringsignal frå fylkeskommunen

I ei konkret sak som gjeld uteservering på fortauet langs fv 257 Engen/Vaskerelven har det blitt stilt spørsmål i Stortinget til samferdsleministeren. Ministeren svara m.a. at han «*legg til grunn at Statens vegvesen vil forhalde seg til styringsignal som blir gitt av fylkeskommunen*».

I referatet frå Fylkesvegrådet 29.09.2015 står det at «*HFK sitt utgangpunkt er at det skal vera god plass på fortaua til fotgjengarar og kollektivreisande*».

Vegavdeling Hordaland ynskjer ei tilbakemelding frå Hordaland fylkeskommune på om dei vedlagde retningslinene frå Bergen kommune og innhaldet i vårt notat frå 2014 framleis kan ligge til grunn når vi gjev uttalar til Bergen kommune i samband med søknader om uteservering på fortau.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing

Olav Finne
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.